

ETABLERING AV FAMILIEBARNEHAGE

Send søknaden til:

Kva er ein familiebarnehage?

Ein familiebarnehage er ei lita barnehageeining som er etablert i ein privat heim. Eininga kan vere for inntil 10 barn. Intensjonen er at den som eig og bur i bustaden også skal jobbe i familiebarnehagen, og gjerne ha eigne barn inn i denne. Dei tel då med i det samla talet. Som eit unnatak kan utanforståande leige ein konkret del av nokon annan sin bustad til familiebarnehage og drifte denne. I slike tilfelle skal minst ein av dei tilsette bu i bustaden.

- Familiebarnehage kan berre bli etablert i ein allereie godkjent bustad. Bustaden skal framleis bli brukt som bustad, ikkje berre som familiebarnehage.
- Ved fleire enn 10 barn (meir enn to grupper) blir tiltaket vurdert som ein ordinær barnehage, og då må det bli søkt om bruksendring frå bustad til ordinær barnehage.

Kva slags familiebarnehagar er søknadspliktige og kven er unnateke søknadsplikt?

Familiebarnehage for inntil 5 barn (ei gruppe)	Er som oftast unnateke frå søknadsplikt.
Familiebarnehage for 6 - 10 barn (to grupper)	Søknadspliktig bruksendring av del av bustaden til familiebarnehage, jf. § 20-1 d) og § 20-3 i plan- og bygningsloven (pbl). Dersom bustaden ligg i eit område som er regulert til bustadformål må det også bli søkt om dispensasjon frå planføremålet, jf. §19-1 i pbl. Du må grunngje dispensasjonssøknaden. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».

Digital søknad

Dersom du skal etablere familiebarnehage som er søknadspliktig, tilrår vi at du sender elektronisk søknad gjennom ein av fleire søknadsportalar. Ved å bruke slike verkty får du på same tid ein betre kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har reduserte gebyr for søknader som er sende inn via internett. Sjå dibk.no for oversynover ulike søknadsportalar.

Søknadspliktig tiltak med krav om ansvarlege føretak etter § 20-3 i plan- og bygningsloven:	
Kva slags familiebarnehagar gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
For dei med plass til 6-10 barn.	Søknad om familiebarnehage for dette talet barn må bli send inn av føretak som tek på seg ansvar som <u>ansvarleg søkjar</u> .
Send inn søknaden i <u>eitt eksemplar</u>. Ifølgje <u>SAK10 § 5-4</u> skal han innehalde:	
Søknadsblankett inkludert erklæring om ansvarsrett for søkjar nr. 5174 og 5175	
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gjeve i nabovarsel. Du skal varsle naboar og gjenbuarar. nr. 5155 og 5156 Dersom du søker om dispensasjon, må du varsle særskilt om dette. Du kan ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel – innhald og varslingsmåtar».	
Eventuelle merknader frå naboar med orientering om korleis desse eventuelt er tekne omsyn til.	
Situasjonsplan som viser aktuell bygning og uteareal. Kartgrunnlag må vere av nyare dato og du kan tinge det hos kommunen. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva krevst?»	
Teikningar. Dei skal vere fagmessig gjort og i målestokk, t.d. 1:100. Teikningane skal vise snitt, fasadar og etasjeplan(ar). Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva krevst?»	
Gjennomføringsplan med oversyn over ansvarsområde inndelte i godkjenningssområde nr. 5185 og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene.	
Erklæring om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande ¹⁾ nr. 5181	
Eventuelle fråsegner og avgjerder frå andre styresmakter som nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u> (vegstyresmakter osv.)	
Eventuelt søknad om dispensasjon. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føreseger, er det krav om grunngjeven søknad etter § 19-1 i plan- og bygningsloven. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje	

ETABLERING AV FAMILIEBARNEHAGE

naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå den naboen det gjeld. Dette i medhald av [§ 29-4](#) i plan- og bygningsloven og byggteknisk forskrift ([TEK17](#)) [§ 6-3](#). Du finn meir informasjon i informasjonsarket «*Dispensasjon*».

Eventuell søknad om fråvik frå krav i byggteknisk forskrift (TEK17). Er søknaden avhengig av fråvik frå krav i [TEK17](#) må ei grunngeving for det leggjast ved søknaden, jf. [§ 31-2 i pbl.](#) og NKF's [Eksempelsamling – tekniske krav ved tiltak i eksisterende byggverk](#)

¹⁾ Om det skal bli erklært ansvar for utførande og ev. kontrollerande, er avhengig av om det skal bli gjort bygningsmessige arbeid eller ikkje. Dei firesifra nummera i tabellen viser til blankettnummeret for *byggjesaksblanketten* som du finn på *Direktoratet for Byggkvalitet* sine sider.

Ting det er spesielt nyttig å vere merksam på:**Ved søknad om dispensasjon:**

Dispensasjon kan berre bli gjeven dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, eller omsyna i føremålsføresegna i plan- og bygningsloven, ikkje blir sett til side i vesentleg grad. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempene. Dispensasjon frå gjeldande planføre mål vil i samband med etablering av familiebarnehage oftast bli gjeven for eit avgrensa tidsrom, til dømes fem år. Om vidare drift er aktuelt når denne perioden er over, må det søkjast på nytt. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «*Dispensasjon*».

Tekniske krav:

Bruksendring til familiebarnehage medfører at dagens tekniske forskriftskrav til bustader blir gjort gjeldande, jf. [byggteknisk forskrift \(TEK17\)](#). Kommunen kan ut frå ei konkret vurdering gje løyve til bruksendring også når det ikkje er mogleg å tilpasse bygget til dagens tekniske krav utan urimelege kostnader, dersom bruksendringa er forsvarleg og naudsynt for å sikre føremålstenleg bruk. Sjå [§ 31-2 i pbl.](#) og NKF's [Eksempelsamling – tekniske krav ved tiltak i eksisterende byggverk](#) for nærare info. Som oftast tillèt kommunen bruksendring til familiebarnehage utan full teknisk oppgradering dersom det ikkje skal gjerast andre omfattande byggjearbeid for tiltaket. Det er spesielt viktig å følgje opp krava til branntryggleik. Tenk spesielt på at rømmingsvegane skal brukast av små barn og difor må vere godt lagt til rette for denne aldersgruppa. Andre tekniske krav det er spesielt viktig å ha fokus på er krava til tilfredsstillande lystilhøve og ventilasjon.

Tilkomst, parkering og areal for uteopphald:

Det må gjerast greie for tilkomsten til eigedomen og talet på parkeringsplassar, både til bustaden(e) og til familiebarnehagen. Parkering skal skje på eigen eigedom og talet på plassar skal vere i medhald av dei gjeldande kommunale krava for området. Det må også vere plass til å snu på eigen eigedom. Snumoglegheit, parkeringsplassar, tilkomst og areal for uteopphald skal vere teikna inn på situasjonskartet.

Godkjenning frå andre styresmakter:

Etablering av familiebarnehage krev mellom anna godkjenning etter [barnehageloven](#) med tilhøyrande [forskrift om familiebarnehagar](#). Løyve etter plan- og bygningsloven føreset at godkjenningar frå andre styresmakter ligg føre før familiebarnehagen kan bli teken i bruk.

Vi tilrår tiltakshavar å kontakte rette faginstans i kommunen som forvaltar barnehageloven med tilhøyrande forskrifter allereie før innsending av søknad om bruksendring etter plan- og bygningsloven.

Når kan eventuelle byggjearbeid ta til?

Arbeida kan starte 3 veker etter at kommunen har fått, dersom følgjande vilkår er oppfylte etter [§ 21-7](#) i plan- og bygningsloven:

- Søknaden er komplett, det vil seie at han inneheld all naudsynt informasjon
- Bruken av bygget er i samsvar med gjevne føresegner eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førehand).
- Det ikkje er naudsynt med ytterlegare løyve, samtykke eller fråsegner frå anna ansvarleg styresmakt etter [SAK10 § 6-2](#).
- Kommunen ikkje har gjeve deg melding om forlenga frist for sakshandsaminga etter [SAK10 § 7-3](#).

Er ikkje desse vilkåra fylte, må du vente med å byggje til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då frist på 12 veker til å gje deg svar. Sjå [§ 21-7 i pbl.](#)

Når du har søkt om og fått løyve kan du ikkje ta i bruk familiebarnehagen før du har fått ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve.